

Rabben Feriesenter tapte saka mot Elin Enes i lagmannsretten melder Sunnhordland.no.

Rabben-eigar Steinar Myklebust stengte av vegen langs elva ned til Enes sin campingplass Øyro med den grunngeving at Rabben-gjester kunne stikka av denne vegen utan å betala for seg. Enes reiste sak mot Rabben og vann i tingretten.

Myklebust vart pålagt å fjerna sperringa og det skjedde, men han anka til lagmannsretten. Den gav også Enes medhald. Retten meiner at sjølv om ulempen kan vera stor for Rabben er det ein større ulempe for Enes hvis gjestene hennar må køyra gjennom området til Rabben først.

Gardane har frå gammalt av hatt vegrett over kvarandre sine eigedommar. I reguleringsplanen som det har vore arbeidd med er nedkøyrsla til Enes sin campingplass (langs elva) planlagt å bli gang- og sykkelsti.